



Stord 1.oktober 2013

Til Norges vassdrags- og energidirektorat

Fråsegn til Erko Settefisk sin konsesjonssøknad.

Stord-Fitjar turlag ved Natur- og miljøutvalet, gjev si fulle støtte til Sagvåg Forum sitt initiativ for å få endra konsesjonsvilkåra i samband med Erko sin søknad om uttak av vatn frå Storavatnet. Me vil på same måte understreka at friluftsverdiane i og omkring vatnet må tilleggjast stor vekt. Det er og å håpa at dei vilkår rådmann og komité for næring, miljø og kultur i Stord kommune peikar på som føresetnad for å seia ja til konsesjon(kfr.

”Sunnhordland” 26.09), nemleg at brukarinteressene til dei som bur i og brukar området, må vektleggjast meir, ikkje berre blir tomme ønskje frå administrasjon og politikarar. Når løyve blir gitt utan dei og dei spesifikasjonar, er tendensen at konsesjonssøkjjarane kan tolka alt meir eller mindre som dei sjølv vil, alt etter kva som til eikvar tid tener deira eigne interesser.

Stord-Fitjar turlag ber difor om at konsesjonsvilkåra blir endra slik at miljøomsyn blir vekta høgt, og at innbyggjarar i Stord kommune også i framtida skal få glede av naturen rundt og i Storavatnet.

Med helsing

Astrid Larsen

Leiar Stord-Fitjar turlag